



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

PD

RHO

Ob 883-39  
841.1

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

2006/06529 KU/KU3 IE

Dato

30.10.2006

### Ny konsesjon for Posten Noreg AS

Vi viser til brev av 15. september 2006 vedlagt utkast til ny konsesjon for Posten Noreg AS.

Kultur- og kyrkjedepartementet ser positivt på at ein under punkt 3.6 i konsesjonsvilkåra har teke inn eit krav om at kunderetta materiell skal vera tilgjengeleg på begge målformer.

Det Samferdselsdepartementet eventuelt bør vurdera om det er tenleg å presisera dette nærmare. I gjeldande vedtekter for Posten Noreg AS er det fastsett at prinsippa i mållova skal følgjast så langt råd er. Prinsippet i mållova er at utoverretta informasjonstilfang skal veksle mellom nynorsk og bokmål, mens skjema, blankettar og liknande skal liggja føre i begge målformer.

Det kan vera noko uklart om ein med kunderetta materiell i konsesjonsutkastet berre tenkjer på sistnemnde kategori, eller om ein også har i tankane generelle kunngjeringar og annan generell informasjon i form av trykte publikasjonar, nettsider og liknande.

Vi går ut frå at det framleis er meininga å leggja opp til veksling mellom målformene i slik generell informasjon, i tråd med noverande praksis, mens det er for alt materiell som vender seg direkte til dei enkelte kundane, at ein vil innskjerpa eit krav om at det skal vera tilgjengeleg i begge målformer.

Med helsing  
Stein Sægrov e.f.

avdelingsdirektør

Ingvar Engen  
seniorrådgjevar

Kopi: Språkrådet

Postadresse  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

Kontoradresse  
Akersg. 59

Telefon - sentralbord  
22 24 90 90  
Org. nr.  
972 417 866

Kulturavdelinga  
Telefaks  
22 24 80 38

Saksbehandlar  
Ingvar Engen  
22 24 80 31